



# Regelverk for kommunalt tilskot til landbruket - Valle kommune

## 1. Føremålet med tilskotet

Føremålet med tilskotsordninga er å sikre eksisterande arbeidsplassar i jordbruket og leggje til rette for å byggje ut nye. Eit aktivt landbruk vil i tillegg vere til fordel for anna næring i kommunen.

Søkjjarar under 35 år skal prioriterast.

## 2. Vilkår

- Tilskot kan berre gjevast til føretak med adresse i Valle kommune.
- Alle landbruksføretak som får produksjonstilskot i jordbruket, eller som vil få produksjonstilskot etter investeringa, kan få kommunalt tilskot til driftsbygning.
- Det er eit vilkår at ein søker om byggeløyve på bakgrunn av byggeteikningar som er vedlagt søknad om tilskot til driftsbygningar.
- Tilskotet kjem i tillegg til eventuelle tilskot frå Innovasjon Norge.
- Tilskot til driftsbygningar kan kunn utbetalast etter at det er levert inn sluttrapport med sluttrekneskap, og etter at landbruksrådgjevar har godkjent bygningen.
- Tilskot kan krevjast tilbakebetalt heilt eller delvis dersom det seinare kjem fram tilhøve som står i strid med føremålet.
- Kostnadsoverslag i søknadene er utan mva.

## 3. Tilskot

Tilskot til driftsbygningar gjeld nybygg, utviding, ombygging og modernisering av følgjande:

- a) Driftsbygningar for husdyr
- b) Lagerrom for avling og reiskap
- c) Veksthus
- d) Andre næringsbygg (tilleggsnæring) i landbruket som vert finansiert av Innovasjon Norge.
- e) Ombygging av driftsbygningar på grunn av offentlege pålegg

Tilsegn til tilskot til driftsbygningar baserast på kostnadsoverslag. Dersom dokumentera kostnadar ikkje blir like store som overslaget, leggjast dokumentera kostnadar til grunn for utbetalinga.

Kommunalt tilskot til driftsbygning er betinga av at ein har søkt om økonomisk støtte frå Innovasjon Norge på førehand.

Det kan gjevast tilskot på inntil 20 % av kostnaden.

I tillegg kan det søkjast tilskot til:

- Drenering av jordbruksjord, uavhengig av tidlegare grøfting. Sats er inntil 2500 kr/dekar.
- Nydyrking. Sats er inntil 4000 kr/dekar.
- Gjerding med HT-gjerder (Netting av HT-kvalitet og stolper av høy kvalitet) og Nofence eller liknande elektronisk styring/overvaking. Sats for HT-gjerding er inntil 60 kr/meter. Sats for Nofence eller tilsvarande, inntil 30% av dokumentera kostnadar for innkjøp og etablering. Årlege lisensar inngår ikkje .

For alle tiltaksformane kan tilskotet gis i tillegg til eventuelt andre tilskotsordningar, men ikkje slik at total tilskotsdekning overstig 100%.

Det gis ikkje tilskot til det som karakteriserast som drifta av tiltaka, eksempelvis maling av driftsbygningar, årlege lisensar, diesel også vidare.

#### **4. Søknadsfrist**

Søknadsfrist for kvart kalender år er sett til 1. mai. Om det er att midlar etter at søknadane er handsama, blir ny søknadsfrist 1. oktober same år.

Er det att midlar på slutten av året, blir desse flytta over til neste års tilskotsramme.

#### **5. Søknad og sakshandsaming**

Søknad om tilskot skal fyllast ut på eige skjema for tilskotsordninga.

Det skal også leggjast ved fullstendige byggjeteikningar med kostnadsoverslag utarbeida av Norsk Landbruksrådgjeving eller nokon med tilsvarande kompetanse. For større byggjearbeid skal det også utarbeidast driftsplan av fagkyndig.

Eventuelle tilsegnsbrev frå Innovasjon Norge må leggjast ved søknaden.

Om søknaden ikkje er komplett, sendast den i retur til søkjar.

Når fullstendig søknad er motteke, blir søknaden handsama administrativt.

#### **6. Arbeidsfrist og utbetaling av tilskot**

Tilskot til driftsbygningar kan kunn utbetalast etter at det er levert inn sluttrapport med sluttrekneskap, og etter at landbruksrådgjevar har godkjent bygningen.



I særskilde høve kan det søkjast om tilskot til driftsbygningar som utbetalast delvis før ferdigstilling. I desse tilfella stillast det krav til ei viss årleg framdrift.

For andre tiltak enn driftsbygningar utbetalast tilskotet etter at tiltaket er ferdig. Viss kommunen finn det naudsynt må landbruksrådgjevar godkjenne at tiltaket er ferdig. I særskilde høve kan delar av tilskotet utbetalast før tiltaket er ferdig, slik som nyoppstarta landbruksforetak.

Arbeidsfristen er 3 år frå dato på tilsegnsbrevet, men kan forlengast inntil 5 år etter skrifteleg søknad.

Det er eit vilkår at gardsbruket vert drive minst 10 kalenderår etter utbetaling av tilskotet. Ved driftsopphøyr skal 1/10 av tilskotet tilbakebetalast for kvart år som er att av 10 års fristen.

*Vedtak om tilskot kan klagast på innan 3 veker etter forvaltningslovas §29.*

*Reglane vart vedteke i kommunestyret 22.02.2023.*

